

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Søndag før pinse – 29. mai 2022

Preiketekst: Joh 16,12-15

Lesetekst I: 1 Kong 19,3b-13

Lesetekst II: 1 Joh 5,6-12

«Søndag før»

Eit slik 'før' kan gjera fotavtrykket lettare. Negativt ved at ein ikkje legg tilstrekkeleg tyngd i den aktuelle søndagen, positivt ved at ein denne helga kan ha retning mot Pinsehøgtida. Me må som forkynnarar vita 'kvar me er', både slik og slik. Kvar søndag er noko for seg sjølv, men samstundes ledd i ei kjede. Slik er Kyrkjeåret ei glimrande oppfinning, som kan gje tråd, retning og samanheng i gudsteneste- og truslivet.

Tonen frå Helgetorsdag kling med: 'Lov Jesu namn og herredom'. Samklangens med 'Den signede (Pinse)dag' må òg få rom.

Herren er ved slutten av si tid på jord. Han avslører at han enno har mykje å gje, men for no er det nok!

I opne, offentlege talar har han gjeve av seg sjølv til alle som ville høyra, ikkje minst sine næraste. I nære, fortrulege samtalar, har han opna sitt Herre- og Frelsarhjarta for dei utvalde.

Og Anden var med! Han rørte ved dei svake, mismodige hjarto, og reiste dei opp, Herre og Frelsar som han jo var. Han irettesette dei hovmodige og falske, Sanninga som han jo var.

No talar Herren, attgjeve i kap 14-17 hjå Johannes, om Den Heilage Ande. Denne Guds Ande skal leia dei vidare fram, djupare inn, så dei 'Jesus klart kan skue som sin Gud og Frelser Sann'. (N13 234)

Me treng ein 'Søndag før'. Som kan vera oss eit tydeleg spor å stiga i. Guds folk har det ofte travelt. Alt er sagt før, alle svar er gjevne. Då blir lydhørheten svak, merksemda grunn og forventninga utan egentleg nerve.

Jesus Messias gjekk Vegen utan å la seg freista til omveg eller sidespor. Han tala jamnt, gjerne medan han gjekk tett saman med sine. Han skulle leia dei fram mot det som kom, utan å tapa nærværet. Dei tolv sveinane, liksom dei tolv Israels stammar, fekk del i ei styrt openbering.

Anden hadde nok heile vegen 'tatt av det som er mitt (Jesus)'. I Jesu røyst lydde også Guds evige stemme til vekking og nytt liv, til trøyst og kvile. Alt fokusert om Jesus Messias, både

då han gjorde teikn og under mellom faktiske menneske og lagnader, og då han tala til menneske framfor seg. Ved alt Herren var og er, skulle og skal menneske sjå og erfara Guds vilje til liv og frelse.

Profeten Elia møter oss i første leseteksten denne søndagen (1 Kong 19,3b-13). Han fekk erfara møtet med Guds folk. Ikkje alltid var det lett for profeten å konfrontera menneske med Guds vilje. Den kjende og høgt akta profeten i Israel, møter oss i dagens GT-avsnitt som 'redd for å mista livet'. 'No er det nok, Herre' (1 Kong,19,4), seier han til den Gud som kalla og sende. Elia hadde nettopp fått demonstrert makta Israels Gud har (møtet med Baal-profetane), men måtta rømme derifrå 1 Kong 18). Men det var ikkje nok. Enno hadde himmelen noko å seia sitt folk. Gudsvitnet måtte bu seg på å ta imot og å dela. Kvile og kveik måtte til, skulle bodberaren kunna halda fram og halda ut. Mat, drikke og søvn – Herren visste kva eit menneske treng.

Herren skulle la den bitre erfaringa møta nytt syn, ny openberring. Storm jordskjelv, eld – alle dei mektige krefter i tilveret, skulle ikkje stadfesta kallet og lovnaden, men stilla, openheten, lydhørheten, der Guds røyst slapp til, der skulle Krafta vera å finna. Elia let kappa dekkja andletet; møtet med Den heilage er for veldig, men Herren ville ikkje berre skremma. Den heilage er vel nettopp dèt: heilag. Og kjøt og blod kan ikkje egentleg fatta, langt mindre skapa.

Denne 'Søndagen før' let oss bli stille 'mellom alle verdsens røster', so me kan høyra og følgja 'ene den som trøster'.

Og himmelen er samstemt. Jesus Messias kom 'gjennom vatn og blod' (1. Joh 5), og Guds Ande vitnar, saman med vatnet og blodet, at 'Gud har gjeve oss evig liv, og dette livet er i Son hans'.

Helgedagen er alt helga, til lovens og evangeliets bruk: 'Sanningsanden skal leia fram til heile sanninga'. Anden skal ta av det som høyrer til og er Jesus, so menneske kan setjast fri. 'Den som har Sonen, har livet, den som ikkje har Sonen, har ikkje livet.'

Det er store ting det står om, kvar dag, kvar søndag. I bøn og lovsong skal me la Jesus få rom i oss og mellom oss. Me skal, på Jesu ord, be om å få, ja, bli fylde av Den heilage Ande. Dèt er jo teiknet på liv i Gud. Me lyt sanneleg òg be: 'ta ikkje Den heilage Ande frå oss', men fyll oss, lei oss, til Jesus, til dei som har eit liv i storm og jordskjelv og eld. Midt i det ståkande livet, finst ei kjelde, ei stille, der Herren er nær.

Der me er, skal me få vera nær Jesus. Og lengta framover, mot å sjå han slik han er!

Geir Paulsen

prost i Sogn og leiar styringsgruppa, DNI-SFj

geir.paulsen@kyrkja.luster.no